

EVANGELIE-BØKENE

Av Idun og Ingrid

Matteus:

Tid: Tidleg på 60-talet e.Kr.

Forfattar: Apostelen Matteus.

Adressat: Jødar.

Markus:

Tid: En gang på 60- talet e.Kr.

Forfattar: Johannes Markus

Adressat: Romarar

Lukas:

Tid: Tidleg på 60- talet e.Kr.

Forfattar: Legen Lukas

Adressat: Grekarar

Johannes:

Tid: Ca. på 90- talet e.Kr.

Forfattar: Apostelen Johannes

Adressat: Kyrkjelyden

Samandrag frå Markus:

Jesus skulle til øydemarka, og dei måtte rydde veg for han.

Johannes døypte Jesus i Jordan.

Jesus kom til Galilea og forkynte Guds evangelium og sa: "Tida er komen, og Guds rike er nær. Vend om og tru på evangeliet."

Jesus, Jakob og Johannes gjekk frå synagoga, heim til Simon og Andreas.

Fordi vermor til Simon hadde feber, og låg sjuk. Det fortalde dei straks til Jesus.

Jesus gjekk bort til henne og tok henne i handa og reiste henne opp.

Då blei ho straks frisk og feberen sleppte henne, og ho stelte for dei.

Jesus gjekk til ein øydestad om morgonen medan det ennå var mørkt, og han bad der.

Ein spedalsk mann kom til Jesus og fall på kne og bad: "Dersom du vil, kan du gjera meg rein?."

Jesus retta ut handa og tok bortpå han og sa: "Eg vil. Vert rein !"

Då, med det samme, vart han rein og sjukdommen forsvant.

Jesus kjende i si ånd kva dei tenkte, og han sa til dei:

"Kvifor hyser de slike tankar i hjarta?."

Jesus gjekk ned i sjøen og folket kom, Jesus lærte folket at det er dei sjuke som treng lækjar, og ikkje dei friske.

Farisearane og læresveinane til Johannes held faste, men læresveinane til Jesus fasta ikkje, fordi at brullaupsgjestane kan ikkje fasta medan brudgomen er hjå dei.

Jesus drog ned til sjøen med læresveinane sine, og ein stor folkehop frå Galilea fylgde han også.

Dei kom i flokkar fordi dei hadde høyrte om alt han gjorde.

Jesus sa: " Kva skal vi likne Guds rike med? Kva samanlikning skal vi bruke?. Det er som sennepsfrøet. Når det vart lagt i jorda, er det mindre enn noko anna frø i verda. Men når det er sått, renn det opp og vert større enn alle hagevokstrar, og får så store greiner at fuglane under himmelen kan byggja reir i skuggen av det."

Ein gong på den tid var det atter mykje folk samla, og dei hadde ikkje noko å eta. Då kalla Jesus læresveinane til seg og sa: " Eg tykkjer hjarteleg synd i folket. No har dei alt vore hjå meg i tre dagar, og dei har ikkje noko å eta. Let eg dei fara svoltne heim, vert dei reint utmødde på vegen; for somme av dei har kome lange vegar." Jesus spurde: "Kor mange brød har de?" Dei svara: "sju". Jesus bad om at alle kunne sette seg ned?. Alle sat seg ned, og Jesus braut av delar av brødet og gav til alle saman, til fem tusen menneske. Der var også nokon fiskar, dei også fekk dei. Dei samla opp all maten til slutt når alle menneske var mette og gjekk, var der sju korgar med mat att.

Skrevet av Idun☺

Sang frå sameboka. Nr;355.

- 1.Milde Jesus dine hender la du kjærleg på dei små,
Og du sa til dine venner at til deg skal borna gå.
Sjølv du vart til Herrens tempel ein gong boren
av di mor.
Lat meg minnast ditt eksempel når eg høyrer dine ord.
- 2.Du til dåpen let meg kalla då eg var ein liten knopp.
Skal eg visna, skal eg falla?
Hjelp meg du å veksa opp !
Hjelp meg tidleg rett å læra
og å elska dine ord,
så blant dine eg kan vera
når dei samlast ved ditt bord!

3. Når eg så skal ut i verda,
aldri eg åleine er.
Møter freistingar på ferda,
følgjer du meg kvar eg fer.
Trygt skal dine hender bera
meg og sysken, far og mor.
Lat oss evig saman vera,
vi som var det her på jord!

10 Spørsmål frå evangeliebøkene.

Matteus:

1. Kva heitte sonen til Abraham?

[Sonen til Abraham heitte Isak.]

2. Kva tyder Goldgata?

[Golgota tyder "Hovudskallen"]

Markus:

3. Kvar døypte Johannes Jesus?

[Han vart døypt i Jordan.]

4. Kven var det som hadde lov til å ete skodebrøda som var i Guds hus?

[Det var bare prestane som hadde lov å ete skodebrøda.]

5. Kva gav Jesus dei apostlane han sende ut, makt til?

[Han gav dei makt over dei ureine åndene.]

Lukas:

6. Kva heitte mora til Johannes?

[Mora til Johannes heitte Elisabet.]

6. Sonene til enkja i Nain var død, kva gjorde Jesus?

[Jesus sa; Unge mann reis deg opp, og han reiste seg opp.]

8. Kva var det Jesus metta fem tusen folk med?

[Jesus metta fem tusen folk med: fem brød og to fiskar.]

Johannes:

9. Det stod fram ein mann, send av Gud, kva heitte han?

[Han heitte Johannes.]

10. Kven var det som kom til grava og fikk sjå at steinane var borte?

[Det var Maria Magdalena som kom til grava.]